



Voss, 01.desember 2023

Klima- og miljødepartementet  
[postmottak@kld.dep.no](mailto:postmottak@kld.dep.no)

## 23/5569 Innspel til natur- og klimameldingar

Me viser til invitasjon til regionalt innspelsmøte for Sør- og Vest-Noreg om stortingsmeldingar for klima og naturmangfald 27. november 2023. Heradet ynskjer å gje skriftleg innspel til dei ni spørsmåla i invitasjonsbrevet. Svara er gitt med utgangspunkt i Voss herad som kommune og dei planverka me allereie har (Vossaklima 2030) eller i ferd med å utarbeida (temaplan Naturmangfald).

1. Når vi i 2050 har nådd natur- og klimamål, hva er de tre viktigste grepene som ble gjort i dag for å komme dit?

Svar:

Omstillinga til lågutsleppssamfunn er avhengig av beslutningar som vert tatt i dag og krev ei langsiktig tenkning og omstilling innan:

- Arealbruk
- Transporthierarkiet
- Innkjøp og offentlege anskaffingar
- Viktige næringar som landbruk, bygg og anlegg og reiseliv

Viktig å presisere at dette gjeld for oss i Voss herad og at våre største utsleppskjelder er knytt til transport og landbruk.

2. Hvilke viktige rammer og hensyn må de to meldingene ha med seg fra ditt ståsted?

Svar:

- Strengare krav og føringar knytta til energibruk og auka tilgang til fornybar energi.
- Betre tilrettelegging for at kraftkommunar kan nytta eigenprodusert kraft mest mogleg lokalt i arbeidet med det grønne skiftet.
- Strengare krav og føringar til arealrekneskap inkludert naturmangfald og klimagassutslepp.
- Insentiv til omstilling for eit meir berekraftig landbruk.
- Større merksemd og bevisstgjerjing kring ansvarleg forbruk og produksjon
- Lyfta fram at Noreg kan vera eit føregangsbilete innan regenerativt reiseliv

3. Arealbruksendringer er en stor utfordring både for natur og klima. Hva bør meldingene legge frem for å sikre at arealbruken fremover bidrar til at vi når natur- og klimamålene?

Svar:

- Auka kunnskap og kompetanse innan tema arealbruk og natur. Gjerne i form av eigne undervisningsopplegg for barnehage og oppover.
- Fylkeskommune og Statsforvaltar bør fasilitere for jamlege oppdateringar av kunnskap og kompetanse knytt til natur og arealbruk for kommunalt tilsette.



- Gjennomgang av eksisterande arealbruk, bruk av planvask og miljørevisjon med hensyn til oppdateringar og ny kunnskap siste åra.
  - Arbeid med arealnøytralitet og kompensasjon krev gode verktøy for planlegging og utføring, og myndigheitene bør bidra inn her på overordna nivå.
4. Internasjonalt samarbeid er nødvendig og viktig for å løse klima- og naturkrisa. Hvordan kan internasjonalt samarbeid styrkes på klima- og naturområdet i årene fremover?

Svar:

- Halde oppe trykket på internasjonale avtalar og forplikingar som til dømes Parisavtalen, ny naturlov, relevante EU ordningar og føringar.
  - Fleire EU støtteordningar vert øyremerka klima og natur og konkrete tiltak knytt til desse.
5. Naturavtalen er et rammeverk for alle. Hvordan kan vi sikre at alle samfunnsaktører og hele myndighetsapparatet i denne regionen tar sin del av ansvaret for å gjennomføre naturavtalen og stanse tapet av natur innen 2030?

Svar:

- Informasjon og kunnskap er viktig for å kunne bidra i arbeidet, gjerne i form av kurs og kompetanseheving i regi av Statsforvaltar og Fylkeskommune.
  - Klimapartner Vestland lyfter dette opp som eit tema blant sine medlemmer
  - Tydelegare føringar på naturtypar og område som treng vern
  - Felles vestlandssatsing på berekraftig besøksforvaltning
  - Tema som skjøtsel av kulturlandskap
6. Hva trenger kommuner, næringsliv og andre av kunnskap og virkemidler for å ivareta naturen bedre i denne regionen?

Svar:

- Gode verktøy, avklarte rammer og definisjonar.
  - Økonomiske verkemiddel knytt til realisering av relevante satsingsområde som til dømes skjøtsel av kulturlandskap og berekraftig besøksforvaltning
  - Innføring av besøksbidrag/finansiering av fellesgode
  - Fylkeskommunen har mykje kunnskap, viktig å få den ut slik at kommunane kan nyttiggjere seg av den
7. Hvilke andre grep enn vern kan vi ta for å sikre langsiktig beskyttelse og bevaring av viktige naturområder (jfr mål 3 i naturavtalen)?

Svar:

- Auka kunnskap og bevisstgjerjing om naturen og kor viktig den er for vår eksistens
  - Oppretthalda og/eller utvida vern av viktige naturtypar og område
  - Berekraftig besøksforvaltning
  - Regenerativt reiseliv
  - Gode grep og verktøy for skjøtsel av kulturlandskapet
8. Med utgangspunkt i 2050-utvalgets hovedanbefalinger (se lenke), hva bør klimameldingen prioritere å følge opp, sett fra ditt ståsted?



Svar:

- Klimamåla skal nåast saman med andre viktige samfunns mål, og politikken må vera foreinleg med lågutsleppssamfunnet. Me bør tenkja i eit lengre tidsperspektiv og på tvers av sektorar. Omstilling til eit lågutsleppssamfunn vil krevja kraft, areal, naturressursar, arbeidskraft og kompetanse. Løysingane må vera ressurseffektive og vegast mot kvarandre i ulike sektorar. Økonomisk aktivitet bør skjer innanfor dei rammene naturen set for oss.

9. Hvordan legge til rette for en rettferdig omstilling til lavutslippssamfunnet, og hvordan bør en klimapolitikk som når klimamålene innrettes slik at den har legitimitet og aksept i samfunnet?

Svar:

- Ein rettferdig fordelingspolitikk. Det grønne skifte kostar.
- Få bukt med klimaforneking slik at alle er med å bidra.
- Tilskotsordningar som monnar og er samkøyrd, oversiktlege og lette å finne fram i.

Med venleg helsing,

Rådmann  
Arild McClellan Steine

Ordfører  
Tonje Såkvitne